



Nærings- og Fiskeridepartementet  
Postboks 8090 Dep

0032 Oslo

Alsaker Fjordbruk AS  
Flakkavågsvegen 12  
5694 ONARHEIM  
Telefon: +47 53 43 01 00  
Org. Nr.: 979 494 009 MVA  
[www.alsaker.no](http://www.alsaker.no)

Dykker ref. :

Vår ref. :

Dato : 09.01.2015

## Melding til Stortinget om vekst i norsk lakse- og aureproduksjon – høyringssvar frå Alsaker Fjordbruk AS

### 1. Innleiing og overordna merknader

Regjeringa har sendt på høyring eit notat om ulike tilhøve og framlegg knytt til vidare vekst i norsk havbruksnæring. Innspel frå høyringsinstansane skal danne grunnlag for korleis Regjering og Storting skal fastlegge rammene for vidare vekst innanfor havbruk. Eit sentralt emne gjeld organiseringa av veksten slik at politikken vert stabil og pårekneleg for både næringa og samfunnet.

Notatet som er utarbeidd av Nærings- og Fiskeridepartementet, femnar vidt i innhald. Det er så opent i omtalen av nokre viktige spørsmål at det vert vanskeleg å få oversikt over dei samla konsekvensane av dei ulike alternativa som vert presentert i notatet. Dette kan føre til at breidda i svara vert så stor at departementet i etterkant truleg bør sende ut eit nytt høyringsnotat der alternativa for den vidare politikken er trekt opp på ein klarare og meir eintydig måte. Høyringssvara på det notatet som no ligg føre, synest for oss meir å ha karakter av ein idéudgnad. Dette gjeld særleg spørsmål som er knytt til det såkalla alternativ 3.

Mangelen på klårare og meir konkrete modellar og modellalternativ etterlet ein viss uro med omsyn til korleis Regjeringa tenker at næringa vår både skal styrast og drivast i framtida.

Det kan innleiingsvis vere nyttig å minne om at innføringa av MTB i 2005 har vore heilt grunnleggjande for den veksten som har kome i næringa etter den tid. Dei konsesjonsrundane som har vore gjennomført sidan den gong, har berre i avgrensa omfang tilført næringa ny kapasitet. Dei har først og fremst utmerka seg med at dei har skapt usemje og strid både innanfor og utanfor næringa og mykje arbeid med klager og rettsaker både for næringa og forvaltninga. Sett frå næringa si side kan ein ikkje halde fram på denne måten når det gjeld nye tildelingar av konsesjonar. Me kjem tilbake til dette spørsmålet seinare i høyringssvaret vårt.

Det må difor vere eit heilt klårt utgangspunkt for ein ny politikk at den er pårekneleg og så klart utforma at den ikkje vert tilfeldig.

Alsaker AS  
Alsaker Fjordbruk AS  
Bjølve Bruk AS  
Bolstad Bruk AS  
Fjelberg Fjordbruk AS  
Fjon Bruk AS  
Fjordbruk Invest 3 AS  
Fjordbruk Service AS  
Nordsjø Fjordbruk AS  
Onarheim Bruk AS  
Rogaland Fjordbruk AS  
Røvær Fjordbruk AS  
Salar Bruk AS  
Sunnhordland Fjordbruk AS  
Toftøy Fjordbruk AS  
Tveit Brygge AS  
Tysnes Fjordbruk AS  
Viking Fjord AS  
Ølve Bruk AS  
Åmøy Fjordbruk AS

Me meiner at ein ny politikk må byggjast på mellom anna følgjande prinsipp:

- **Den må sikre at den einskilde oppdrettar som i eit langt perspektiv driv sikkert innanfor fastlagte reglar, må få høve til ein jamn årleg vekst i produksjonen.**

Sidan 2005 er det dei romslege MTB-reglane som då vart fastsette som har sikra ein slik vekst. Dette syner at den beste måten å sikre høve til jamn vekst for alle vil vere gjennom tilsvarende ordningar framover. Det beste vil vere å legge til rette for vekst gjennom auke i MTB-ordninga.

Det må òg på ein pårekneleg og jamn måte tildelast nye konsesjonar både til eksisterande oppdrettarar og til nye selskap som vil starte opp i næringa. Det beste ville vere at alle som har godkjende lokalitetar kan få tildelt nye konsesjonar. Gjennom eit eige regelverk for slike tildelingar ville det vere godt høve til å sikre gode rammer for slik vekst. I denne samanhengen kunne kommunane spele ei viktig rolle når det gjeld å legge til rette for vekst gjennom nye lokalitetar. Me kunne og tenkje oss at kommunane fekk høve til å velje kva for selskap dei ønskte skulle få nye lokalitetar innafor sitt område.

Me trur at andre former for tildeling av nye konsesjonar, som t.d. loddtrekking, auksjonar, lokale og sentrale reglar for prioriteringar eller ulike former for «grøne» konsesjonar slik som i den siste runden, berre vil skape uro og misnøye både i næringa og i lokalsamfunnet. Erfaringa har synt at me heile tida vil få oppleve rettstvistar og politisk uro kring slike ordningar. Og framfor alt vert det lite pårekneleg for den enkelte oppdrettar.

For ein oppdrettar vil den beste modellen for vekst vere å kunne utvikle seg både gjennom auke i MTB på eksisterande konsesjonar og å kunne få tildelt nye når tilhøva ligg best til rette for det. Ei slik ordning vil skape tryggleik for drifta, samstundes som det alltid vil vere lønsemada saman med marknads- og produksjonstilhøva som er grunnlaget for i kor stor grad ein kan vekse. Dette vil roe ned næringa, i motsetning til ein situasjon med tildelingsrundar av konsesjonar og MTB-vekst der «alle» alltid vil søke på alt for å vere med og «sikre seg».

Det er òg viktig å hugse på at det i alle tildelingsformer vil vere dei same krava som vert stilt med omsyn til krav for miljø og andre forhold. Ei ordning som me foreslår, vil såleis ikkje føre til noko form for større press enn dei framlegga som ligg i høyringsnotatet.

Når det gjeld vederlag, så er det viktigaste for Alsaker Fjordbruk at det er dei kommunane der oppdrettsanlegga er lokalisert som får vederlaga. Ei slik ordning vil og sikre at kommunane sjølve kan velje i kor stor grad dei ønskjer å satse på fiskeoppdrett og samstundes ha oversikt over kva dei kan få igjen for det. Det kan ikkje verte slik at ein skal bruke oppdrettsnæringa som skatteobjekt for staten utover vanlege skattereglar for norske verksemder.

Me ser det slik at det er best for selskapa å kunne betale ein eingongssum både for nye konsesjonar og for vekst i MTB.

Me vil òg tilrå at departementet set ned ei faggruppe for å sjå på kva for prinsipp ein skal legge til grunn for og kva for nivå det skal vere på det næringa skal betale for nye konsesjonar og for auke i MTB. Dette vil vere med å gjere arbeidsrammene meir påreknelege for næringa.

Slik me ser det, er det ingen av modellane i notatet som gjev den tryggleiken som me meiner den enkelte oppdrettar som driv på ein berekraftig måte må ha for å kunne

vekse og utvikle verksemda.

- **Det må leggjast til grunn at den enkelte oppdrettar sin vekst ikkje kan hindrast av at andre oppdrettarar innanfor same forvaltningsområde ikkje maktar å drive etter reglane.**

Her må det vere slik at det er styresmaktene som må ta tak i uforsvarleg drift. Me er svært uroa over det framleggset som ligg i Alternativ 3 om handlingsreglar, der det vert lagt opp til eit prinsipp om felles ansvar for at alle oppdrettarane i eit forvaltningsområde driv i tråd med handlingsreglane. Jamvel om det i framleggset er lagt opp til visse unntak, så stirr sjølv prinsippet om å «rette bakar for smed» mot eit årment rettsgrunnlag for folk flest.

Reint forvaltningsrettsleg må det vere heilt galt at dersom ein oppdrettar ikkje held seg til lova så skal også naboen straffast for dette sjølv om han ikkje har gjort noko feil. Dette vil i verste fall kunne opne for ulike former for «borgarvern».

- **Det må leggjast til grunn at særlege reglar for ulike områder, landsdelar og grupper må avviklast.**

Dei særlege reglane for drift i Hardangerfjordområdet må takast bort. Dei som driv i dette området har i mange år hatt eigne driftsreglar som det no er vanskeleg å sjå grunnlaget for. Nye reglar har også vorte innførte før ein har fått røynsle med tiltak som alt er innførte for å regulere same forhold. Som oppdrettar i Hardangerfjorden har me over år vorte diskriminert som følgje av eit særeige regelverk. Tildelingsforskrifta §37a er i dag eit hinder for ei meir miljøvenleg utvikling regionalt. Og den er eit prov på at sjølv om næringa grip fatt i utfordringane og finn gode løysingar, så vert ein likevel ikkje tilgodesett ved å få drive på vanleg måte.

Me ønskjer at dei særeigne hindringar for vidare utvikling i Hardangerfjorden vert tekne bort ved å ta § 37a ut av Tildelingsforskrifta.

Alsaker Fjordbruk er i mot ei ytterlegare regionalisering og oppdeling i soner der konsekvensane for samfunn og næring ikkje er skikkeleg utgreidde på førehand. Dei einskilde selskapa må alltid drive i samsvar med det regelverket som til ei kvar tid gjeld. I staden for vidare regionalisering må ein heller sjå om sjølv regelverket er godt nok. Mange regionaliseringar / sonar har vorte innførte for å få betre kontroll over spreiening av sjukdom. Me ser likevel at utviklinga med omsyn til PD og AGD ikkje kan stoppast av grensar på eit kart. Heller ikkje for lus er det grensene som er det sentrale, men handlingsrommet ein har for å få kontroll med parasitten. Me opplever at all diskusjon om regionalisering og soner i høyringsnotatet vert ein fiktiv og teoretisk diskusjon, der kostnadane med ei omlegging er enorme, men der vinsten, om det er nokon, er heilt ukjent.

Me må både forenkle og styrke dagens regelverk og sjå nærmare på konsekvensane av den regionaliseringa og soneinndelinga som allereie er gjennomført, framfor å sette i verk ordningar basert på nye regionaliseringar av næringa.

I dag er MTB-nivået høgare i Nord-Troms/Finnmark enn i resten av landet. Ordnингa, som langt på veg har ein rein politisk bakgrunn, ligg tilbake i tid og er knytt til at ein meinte at oppdrett i Finnmark ikkje var like lønsamt som oppdrett andre stader (biologisk og økonomisk). Det er ikkje tilfelle i dag. I dag kan ein stille spørsmålsteikn ved om det ikkje er motsett. Og om dette burde kompenserast på lik linje.

Det naturlege no må vere at MTB-nivået for alle matfiskkonsesjonar vert sett til 945 tonn. Harmoniseringa kunne takast ut over fleire år. Me er merksame på at det må betalast eit vederlag for ein slik utjamning av MTB på konsesjonsnivå.

- **Det må leggjast til rette for utvikling av ny teknologi i oppdrettsnæringa.**

Norske styresmakter ønskjer at me skal vere i front m.o.t. utviklinga av havbruksnæringa. Grunnlaget for at me kan få det til, er å ha gode nok verkty og nok fleksibilitet. Produksjon av stor smolt på land, det vera seg i ferskvatn eller i sjøvatn må det opnast opp for, og det må ikkje vera nokon inngangsbillett for å starte slik verksemder. Vel styresmaktene å ta inngangsbillett i form av vederlag, vil mange som skulle ha teke det i bruk, vegre seg for starte opp. Dette vil vere uheldig for den verdiskapinga me ønskjer å skape rundt havbruksnæringa og i høve til utstyrsutvikling med vidare. Det er viktig å gjere departementet merksam på at slik nyskaping i næringa er lite utprøvd og ber i seg stor økonomisk risiko. Det vil ikkje vere i tråd med regjeringa sitt ønske om eit meir innovativt næringsliv i Noreg å be nyskaparar betale for å få kome i gong med noko nytt.

Me vil foreslå at det vert opna fritt opp for etablering av landanlegg for produksjon av stor smolt opp til 1.000 gram utan vederlag.

## 2. Nærare om alternativ 3 i høyringsnotatet

Når det gjeld dei ulike alternativa i høyringsnotatet, så har 1 og 2 eit etter måten kjent innhald. Det er vanskeleg å seie at ein av desse modellane er betre enn den andre. Indirekte har me gitt vårt syn på desse modellane i punkta ovanfor.

Alternativ 3 er vanskelegare å få tak på. Som me har peikt på innleiingsvis i dette høyringssvaret, er framstillinga for lite konkret. Umiddelbart kunne det verke tiltalande å ha ein politikk der ein vert sikra vidare vekst basert på at ein på individuelt grunnlag dreiv innanfor eit sett med handlingsreglar. Ved ein grundigare gjennomgang av dette alternativet, slik det er omtala i høyringsnotatet, er det umogleg for oss å kunne ta nærare stilling til det.

Me trur at departementet må utarbeide eit heilt konkret alternativ, ein «modell», dersom det skal vere mogeleg å sjå konsekvensane av dette alternativet. Me vil igjen særlig peike på framlegget om «kollektivt» ansvar i ein region. Ei slik løysing er under alle omstende heilt utanfor det som kan godtakast. Me er òg svært urolege for at ei regionalisering kan ha svært ulike verknader for korleis store og små oppdrettarar kan ordne drifta si innanfor regionen. Dei mindre aktørane vil ha ein vesentleg mindre fleksibilitet for å tilpasse seg enn eit stort selskap med drift i fleire regionar.

Slik me les høyringsnotatet, og slik me oppfattar konsekvensane av framlegga, er ingen av dei tre alternativa i tråd med ein politikk for pårekneleg utvikling av næringa.

Produksjon av laks og aure er den mest berekraftige matvareproduksjonen i Noreg i dag. Dersom ein ikkje har dette som grunnlag for å utarbeide ein langsiktig politikk for næringa, så tek ein ikkje omsyn til fakta om matvareproduksjon nasjonalt og internasjonalt. På same måte som andre næringar, set havbruksnæringa visse fotavtrykk i miljøet og naturen. Særlig i samband med alternativ 3, der fotavtrykk skal vere hovudkriteriet for vekst, burde det vere naturleg, ja naudsynt, at temaet vart grundig handsama. Som oppdrettar opplever vi i dag at det er fleire offentlege instansar, både forvaltningsorgan og andre som t.d. forskingsinstitusjonar, som har meininger - og ofte ulike meininger - om kva som skal vere akseptgrensa for ulike typar av fotavtrykk. I tillegg kjem ulike grupper og organisasjonar som kan halde fram med å presse styresmaktene når slike spørsmål ikkje vert avklara godt nok i samband med ny politikk. Det vert

difor vanskeleg å gje tilbakemelding på høyringsnotatet når så viktige spørsmål ikkje er avklara på departements- og regjeringsnivå. Næringa opplever då at slike saksområder berre vert skyvd ut i tid, noko som gjer framtida svært usikker same kva for gode styringsreglar som kjem.

Det er òg viktig at ein i samband med nye reglar for tilhøve som lus, røming og forureining gjer eit grundig arbeid med å fastlegge nye tolegrenser. Det trengst ein samla gjennomgang av på den eine sida verknadane lus har på smolt og villlaks i kritiske periodar og områder og på den andre sida korleis stillinga er for sjøaure. Veit ein til dømes i kor stor grad sjøauren tek turar i ferskvatn for å fri seg frå lus? Det er også grunn til å peike på den ferske tverrvitenskaplege og internasjonale Metalice- rapporten som gjev ei langt meir nyansert framstilling av lusesituasjonen enn det me ser frå ulike norske instansar. Likeeins trur me det er viktig å få ein langt betre kunnskap om i kor stor grad rømt oppdrettslaks overlever i «vill» tilstand og i kva for grad den vert gytemoden om den går opp i elvar.

Slike analyser vil kunne vere svært grunnleggjande for kva for berekraftsgrenser ein skal sette framover.

Dei som har følgt utviklinga av norsk havbruksnæring lenge, veit at ein av dei største suksessane ligg i ordet «dele». Når det i høyringsnotatet vert uttala at veksten i næringa har vore forskingsbasert, så er det ei sanning med store modifikasjonar. Det mest karakteristiske er at den har vore driven fram av ein kombinasjon av systematisert erfaringeskunnskap hjå oppdrettarane i nært samarbeid med forsking og einskildforskarar. Kunnskap om både «opp- og ned sider» har vore delt med alle i næringa. Og utviklinga har vore driven av at einskilde aktørar har ønskt å koma seg vidare. Samstundes har det oftast òg vore greitt for ein sjølv at naboen har kome seg vidare.

Ein annan grunn til suksessen er òg at forvaltninga i det meste har hatt eit godt samarbeid med næringa og har kunna vore med på å leggje til rette for god utvikling. Etter kvart har det likevel vorte ei stor utfordring at forvaltninga er altfor lite koordinert og altfor mykje sektorbasert. Samstundes har forvaltninga vorte så omfattande at den sjølv ikkje alltid får med seg reglane som gjev heilskapen i utviklinga – dynamikken. Dette ber også høyringsnotatet preg av. Det er ein sterkt trøng for å gjennomgå forvaltninga for å få ein betre einskap der eitt organ alltid har ansvaret for det siste ordet. Berre på denne måten kan ein få eit regelverk og ei praktisering av dette som ikkje gjer den enkelte oppdrettar umyndig. Det er særleg viktig at ein ser dei samla økonomiske konsekvensane av dei tiltaka som enkeltetatar krev vert sett i verk. Det kan t.d. i dag stillast eit stort spørsmålsteikn ved om dei krava til lus som no gjeld står i eit rimeleg forhold til dei svært store direkte og indirekte kostandane som lusepolitikken fører med seg.

I eit samfunnsperspektiv kunne havbruksnæringa oppnådd ein ytterlegare reduksjon i sitt fotavtrykk. Areal er trekt fram som eit døme på ein «mangel» for framtidig vekst. I alt for liten gard vert utslepp sett i samanheng med areal. Kva me i dag slepp ut på ei lokalitet er ikkje knytt til reell toleevne i eit område, men kor mange / mykje konsesjonsvolum ein har. Dei fleste av dagens lokalitetar kunne tolta eit større produksjon, men dette vert effektivt hindra av regelverket eller meir presist, handsaminga av regelverket.

Me meiner ein i større grad må vurdere areal i samanheng med reell mogelegheit for utslipp.

### 3. Framlegg til endring av andre reglar

Til sist ønskjer me å ta opp nokre spørsmål knytt til det gjeldande regelverket. Ei betre ordning på desse områda vil vere svært viktig for å få god planlegging og ei meir smidig drift for den einskilde oppdrettar. Dei sakene me tek opp i det følgjande har ikkje nokon negativ verknad for miljø eller andre forhold. Tvert i mot:

- **Talet på lokalitetar som kan knytas til ein konsesjon**

Ei av dei største hindringane for ei betre samfunnsmessig utnytting av dagens arealdisponeering, er å ta bort grensa for kor mange lokalitetar som kan knytas til ein konsesjon, jf. § 34 i laksetildelingsforskrifta. Denne grensa er eit direkte hinder for ei meir miljømessig og berekraftig utvikling lokalt fordi den gjer at ein ikkje kan flytte produksjonen dit den til ein kvar tid best kan gjennomførast. Dette som følgje av at ein ikkje kan knyte meir enn 4 lokalitetar til ein konsesjon (eller seks lokalitetar til ein gruppe på to eller fleire konsesjonar).

Dagens reglar er òg eit effektiv hinder for samarbeid mellom ulike verksemder om betre utnytting av gode lokalitetar.

Grensa vart innført for å hindre at ein oppdrettar okkuperer fleire lokalitetar enn han treng for sin samla produksjon, men dette omsynet vert i dag dekt av andre reglar (attendetrekking ved passivitet og vurdering av behov ved søknad om godkjenning av nye lokalitetar).

Me foreslår difor at ein tek bort regelen om talet på lokalitetar som kan knytas til ein konsesjon.

- **Inter-regionalt biomassetak**

Alsaker Fjordbruk er i dag hindra i å utnytte produksjon og lokalitetar på tvers av Fiskeridirektoratets Region Sør og Vest. Dette fordi vi ikkje driv vidaretilverking av laks. Denne regelen er eit direkte hinder for at me kan drive på den beste måten reint miljømessig. I ein tenkt situasjon kan det vere for mykje lus i ein region. For å betre forholda ser me oss tente med å setja ut fisk i eller overføre MTB til ein annan region for å dempe presset i regionen med mykje lus. Dette er me i dag hindra frå, og det fører m.a. til auka bruk av lusemiddel og meir press på fisken. Me har i alle år hatt vårt eige slakteri og meiner det er urimeleg at verksemder som driv vidare tilverking skal få føremonar av den grunn. Det må heile tida vere det som er lønsamt for den enkelte oppdrettar som må vere det viktige; ikkje at staten skal avgjere kva ein skal produsere og så gje føremon for dei som følgjer dette påbodet sjølv om det ikkje løner seg.

Me meiner elles at regiongrensene i dag utgjer eit effektivt hinder for å ta ut ein overordna miljøgevinst i næringa i det at ein ikkje får utnytta dei beste områda optimalt m.o.t. miljø.

Me foreslår at regelen med inter-regionalt biomassetak vert endra til at ein generelt kan drive produksjon mellom regionar hos Fiskeridirektoratet som grensar til kvarandre. Eventuelt at regiongrensene heilt vert fjerna. Det bør ikkje vere slik at dei grensene som forvaltninga set for sin organisering, skal vere til hinder for at den enkelte oppdrettar skal kunne drive på den beste måten.

- **Førehandskonferanse**

Ein søknad på lokalitetsnivå skal innom minst seks ulike forvaltningsnivå før den endelig vert avgjort. Dagens system er tungrodd og det finst inga totalkrav til sakshandsamingstid. Me meiner at før ein søknad vert sendt inn, skal det gjennomførast ein førehandskonferanse der søknaden vert presentert overfor ei samla forvaltning.

Sistnemnde har fått eit utkast til søknad tilsendt ei veke før førehandskonferansen for gjennomgang. Målet med konferansen er å avdekke eventuelle manglar i søknaden før denne vert sendt inn, og samstundes avgrense forvaltninga sin mogelegheit for i ettertid å kome med ytterlegare innspel utover det dei tek opp i førehandskonferansen.

Me foreslår at det vert innført obligatorisk førehandskonferanse for søknader knytt til lokalitetar.

- **Kontroll av lus**

I dag tel oppdrettarar lus på eige fisk og meldar tala inn til Mattilsynet. I Rogaland og Hardangerfjorden har oppdrettsselskapet over år hatt ei ordning med eksterne, kvalifiserte og uavhengige kontrollteljeteam. Me har dermed fått ei ordning der det er deira tal som er dei gjeldande for styresmakta når det er talt dobbelt. Ei slik ordning har vore ein tryggleik for alle partar regionalt m.o.t. dei måla ein har sett for felles handling, og samstundes ein tryggleik for styresmaktene m.o.t. at jobben faktisk vert gjort.

Me foreslår at det innførast ei obligatorisk ordning med eksterne kontrolltelleteam.

- **Endring i forvaltninga**

Dagens forvaltning av havbruksnæringa er for fragmentert, og dette er eit hinder for både politisk styring, auka vekst og redusert fotavtrykk.

Me foreslår at klarering av lokalitetar vert flytta frå Fylkeskommune til Fiskeridirektorat. Vidare ønskjer me at løye til utslippsvert flytta frå Fylkesmann til Fiskeridirektorat, og at offentlege instansar som Mattilsynet og Kystverket berre har uttalerett. Arealplanlegginga i kommunane må styrkast og kommunane må få uttalerett m.o.t. kven som skal tildelast areal i deira kommune, jamfør det vi har sagt ovanfor om dette spørsmålet.

#### 4. Avslutning

Gjennom to tiår har Alsaker-konsernet vore blant dei leiande havbruksverksemndene i landet. Me har alltid vore i forkant – gjort naudsynte investeringar både på land og i sjø, tilsett nok folk, tilpassa oss skiftande miljøtilhøve, rådført oss med dei beste, og ikkje minst – tenkt sjølv. Me har aldri motteke eit gode eller eit føremon for å ha lege i forkant. Det har undra oss. Men meir undrar det oss at me no ikkje skal «dømast» ut frå det me gjer sjølv, men kva naboen gjer. Det tek bort alt initiativ for det å liggje i framkant av utviklinga. Skal me framleis tene pengar og liggje i framkant, må me ha rammevilkår og ein fleksibilitet som gjer oss i stand til dette. Det er dette me har søkt å omtale i vårt høyringssvar.

Venleg helsing  
Alsaker Fjordbruk AS



Gerhard Meidell Alsaker  
Adm. dir. /Eigar